

04.06.2019

TUV  
BARNEHAGE

## LANGSIKTIG ÅRSPLAN



## Innhold

Innleiing .....	4
1. Visjon og pedagogisk grunnsyn.....	5
1.1 Visjon for Tuv barnehage .....	5
1.2 Barnehagens pedagogiske grunnsyn.....	5
2. Presentasjon av barnehagen .....	6
2.1 FAU og SU.....	7
3. Gjeldande avtaleverk for Tuv barnehage .....	8
3.1 Lov om barnehagar med forskrifter(revidert 01.08.2010).....	8
3.2 Rammeplan for barnehage (revidert 20.06.2017).....	8
3.3 Årsplan.....	9
3.4 Vedtekter for Hemsedal kommune .....	9
3.5 Andre avtaleverk og planar som gjeld for Tuv barnehage .....	9
3.6 Tilsyn .....	9
4. Innhold .....	9
4.1 Informasjon om månadsplan og månadsbrev .....	10
4.2 Målsetting for tilvenning av nye barn.....	10
4.3 Mål for arbeidet med barna .....	10
4.4 Mål for overgangar .....	10
4.5 Informasjon om miljøfyrtårn .....	11
4.6 Informasjon om sunn mat .....	11
4.7 Informasjon om trafikksikker barnehage.....	11
4.8 Mål for omsorg .....	13
4.9 Mål for medverknad .....	13
4.10 Mål for læring.....	15
4.11 Mål for leik .....	15
4.12 Mål for arbeid med danning.....	16
4.13 Mål for arbeid med likestilling .....	16
4.14 Mål for arbeid med språk .....	18
4.15 Mål for likeverdig og inkluderande miljø, og førebygge mobbing i barnehagen..	18
4.16 Mål for Begrepsundervisning .....	19
4.17 Fagområda i Rammeplanen .....	20
4.18 Mål for barn med spesielle behov .....	23
4.19 Målsettingar for arbeid med fleirkulturelle/minoritetsspråklege .....	23
5 Samarbeid .....	24
5.1 Foreldresamarbeid .....	24
5.2 Barnehagene sine forventningar til heimen .....	25

## Langtidsplan for Tuv Barnehage

5.3	Samarbeid med skulen; overgang barnehage – skule .....	25
5.4	Samarbeid innad og mellom barnehage.....	26
5.5	Tverrfagleg samarbeid .....	26
5.6	Sorg- og kriseteam.....	26
5.7	Personalsamarbeid .....	26
6	Planlegging, dokumentasjon og vurdering .....	27
7	Linkar og Nettside.....	28

## Innleiing

Barnehagar i Norge skal tilby barn under skulepliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til beste for barn. Me er ei pedagogisk verksemd for barn frå 0-5 år, og er også ein del av Tuv oppvekstsenter, som har elevar frå 1. – 4. klasse.

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.»*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering»(Barnehageloven § 1 Formål)*



Årsplanen for Tuv barnehage er delt i to dokument, der den eine delen er ei oversikt over det pedagogisk arbeidet inneverande barnehageår (kortsiktig plan), medan den andre delen er ei meir generell oversikt som gjeld for ei lengre periode (langsiktig plan).

Langtidsplanen vert levert ut via mail og på papir då barnet startar opp i barnehagen, og vil vera gjeldande for heile barnehagetida. Eventuelle endringar i årsplanen vil koma som tillegg. Planen er også ei orientering til politikarar, samarbeidspartar og andre interesserte. Den vil og ligge tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

**Lov om barnehagar** (2010) og **Rammeplanen for barnehagar** (2017) ligg til grunn for planane våre.

## 1. Visjon og pedagogisk grunnsyn

### 1.1 Visjon for Tuv barnehage



Tuv barnehage ynskjer å gje barna ein god og trygg grunnmur, som me byggjer i samarbeid og forståing med heim og nærmiljø.

### 1.2 Barnehagens pedagogiske grunnsyn

Den pedagogiske plattformen i barnehagen byggjer på relasjonspedagogikk. Me har fokus på gode relasjonar mellom born-born, born-vaksne og mellom vaksne-vaksne. Relasjonane byggjast av varme og grensesetjande vaksne. Gjennom å jobbe etter denne pedagogiske plattforma er målet vårt at når borna går ut av barnehagen har dei opparbeida seg eit godt sjølvbilde – klare til å møte dei utfordringane dei vil møte seinare i livet, og sjå tilbake på tida i barnehagen med humor, glede og trygge vaksne.

#### **SOSIAL KOMPETANSE – HOVUDSATINGSOMRÅDE «VÆRE SAMAN»:**

Barnehagen har saman med dei andre barnehagane i hallingdal jobba med prosjektet KUPP (Kompetanseutvikling av pedagogiske prosesser). Me vil vidareutvikle endringsarbeidet «Være sammen», som me starta å implementere barnehageåret 2015-2016. Dette skal gje heile personalet ei kompetanseheving, der me også trekkjer inn føresette. Ved å jobbe med dei vaksne, vil dette etter kvart syne i det direkte arbeidet med borna. Me vil at alle som jobbar i barnehagen vert autoritative vaksne, der nøkkelfaktoren er varme og grensestjande vaksne.

*«I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov.» (Rammeplan for barnehagen 2017 – formålet med og innhaldet i barnehagen).*

Barnehagen har fokus på danning og god takt og tone, der me legg vekt på å spørje fint, og behandle kvarandre med respekt.

## 2. Presentasjon av barnehagen

Tuv barnehage er ein tre- avdelings kommunal barnehage. Barnehagen tek i mot barn i alderen 0–6 år. Avdeling Røggelia starta drifta i 1988, avdeling Kroken i 1998 og avdeling Åne starta i 2009.

På Åne går 1 og 2 åringar og på Røggelia går 2 og 3 åringar. 4 og 5 åringane går på Kroken og har ein dag i naturbasen for kvar aldersgruppe.

Barnehagen er fordelt på desse plassane:

- full plass - 5 heile dagar i veka
- delt plass - 4 heile dagar i veka
- delt plass - 3 heile dagar i veka

Innanfor dei delte plassane vil det variere i kva dagar ein har.

### **Bemannning**

Barnehagen har slik grunnbemanning:

Styrar i full stilling

500% pedagogiske leiar stillingar

300% assistentstillingar og 400% barne-ung. stillingar

100% styrkning/spes.ped, 50% vikarstilling

### **Åne:**

Avdelinga er for barn frå 0-2 år.

Det vil vere 2 Pedagogiske leiarar og 2 assistentar/fagarbeidrarar som jobbar på avdeling, 4 vaksne på inntil 12 barn.

### **Tlf.nr.:**

Åne 916 66 812

### **Røggelia:**

Avdelinga er for barn frå 2-3 år, inntil 18 plassar.

Det vil vere 1 pedagogisk leiar og 2 assistentar/fagarbeidrarar som jobbar på avdelinga, 3 vaksne på inntil 18 plassar.

### **Tlf.nr.:**

Røggelia 916 66 810

### **Kroken:**

Avdelinga er for barn frå 4-5 år, inntil 21 barn.

Det vil vere 2 pedagogiske leiarar og 2 assistentar/fagarbeidrarar som jobbar på avdeling, 4 vaksne på inntil 21 barn.

### **Tlf.nr.:**

Kroken 916 66 811

Desse tre avdelingane delar uteområde. Tidvis brukar vi også skulen sitt uteområde.

Dei ulike alderstrinna har ulike namn, der dei minste vert kalla mus, så kjem ekorn, hare og deretter rev og gaupe.

Dei samarbeider om mykje, for eksempel turar og fellesaktivitetar på tvers mellom ulike aldrar.

## 2.1 FAU og SU

I samsvar med Lov om barnehagar §4 og forskriftene, skal barnehagen ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd.

Foreldrerådet består av alle føresette. Dei vel eit arbeidsutval (FAU) med 2 medlemar frå kvar avdeling. Barnehageeigar skal sørge for at saker av viktigkeit skal leggjast fram for foreldrerådet og samarbeidsutvalet (jmf. Lov om barnehagar §4) Foreldrerådet; i fylgje lova skal foreldrerådet fremje føresette sine fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og føresettegruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Det er felles samarbeidsutval for kvart oppvekstsenter i Hemsedal.

Samarbeidsutvalet skal ha slik samansettning:

- 1 repr. frå dei føresette i skulen
  - 1 repr. frå dei føresette i barnehagen
  - 1 repr. frå dei føresette i SFO
  - 1 repr. frå det pedagogiske personalet på skulen
  - 1 repr. frå anna personale på skule/SFO
  - 1 repr. frå personalet i barnehagen
  - 1 repr. frå kommunen / Hovudutval for Livsløp
- Rektor og styrar har møte- og uttalerett og fungerer som sekretærar i SU.  
I saker som berre vedkjem ein av verksemndene, kan deler av det store SU trå i kraft.
- "Del-SU" skal bestå av:
- Representant og vararepresentant frå føresette
  - Representant og vararepresentant frå personalet
  - Politisk valt representant.

*Foreldreutvalet for barnehagar har eiga nettside som kan vera nyttig å sjå på:*

**Foreldreutvalget for barnehager (FUB)**

**Postboks 9360 Grønland, 0135 Oslo**

**Tlf: 22 05 90 70 Faks: 22 05 90 71**

**E-post: [post@fubhg.no](mailto:post@fubhg.no)**

Ansvarlig redaktør: Gro Hexeberg Dahl



### 3. Gjeldande avtaleverk for Tuv barnehage

#### 3.1 Lov om barnehagar med forskrifter(revidert 01.08.2010)

Formål:

«§ 1: Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering» (Lov om barnehagar §1).

Innhald:

Barnehagen skal:

- Vera ei pedagogisk verksemrd
- Bistå heimen i deira omsorg – og oppdragelsesoppgåver
- Fremja menneskeleg likeverd og forståing for berekraftig utvikling
- Gje grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle områder
- Formidle verdiar og kultur

#### 3.2 Rammeplan for barnehage (revidert 20.06.2017)

Alle barnehagar har frå 01.01.1996 ein felles rammeplan som fastset innhaldet i barnehagen (jf. Lov om barnehagar § 2).

Rammeplanen gjev personalet ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering. Den gjev retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, for innhald og oppgåver. Rammeplanen bygger på konvensjonar som Noreg har slutta seg til, mellom anna FN's barnekonvensjon.

Barnehagen sitt innhald skal byggje på eit heilskapleg læringssyn, der omsorg, leik og læring er sentrale delar.

Innhaldet skal:

- Ta omsyn til barna sin alder og utvikling
- Planleggast med kvardagsaktivitetar, temaopplegg og leik innanfor rammeplanens 7 fagområder
- Støtte sosial- og språkleg kompetanse
- Gje leiken ein framtredande plass, og barna skal ha ein stor fridom til å påverke valet av aktivitetar og organisering av barnehagedagen (medverknad)
- Ha fokus på danning
- Formidle verdiar og kultur, og gje rom for barna sin eigen kulturskaping

### 3.3 Årsplan

Barnehagelova pålegg alle barnehagar å ha ein årsplan.

Me har delt årsplan i to, ein langsiktig plan og ein kortsiktig.

Føresette skal vere med på å påverke innhalDET ved deltaking i utviklingssamtalar, foreldremøte, svare på brukarundersøkingar, og via FAU og føresetterrepresentantane sitt arbeid i samarbeidsutvalet(SU).

Årsplanen byggjer på rammeplanen, og den kortsiktige seier noko meir konkret om kva barnehagen/avdelingane ynskjer å arbeida med det komande året. Den langsiktige gjeld målsetjingar for barnehagen sitt arbeid med omsorg, danning, leik og læring. Årsplanen seier også noko om korleis ein planlegg overgangen mellom barnehage og skule Den kortsiktige gjeld for arbeidet med dei 7 fagområda. Den kortsiktige blir revidert kvart år, mens den langsiktige er noko som me arbeidar med over lengre tid. Årsplanen skal godkjennast i SU.

### 3.4 Vedtekter for Hemsedal kommune

Vedtekten er vedtatt av Hemsedal kommunestyre. Dei gjev informasjon om dei rettane og pliktane ein har når ein tek imot barnehageplass ved Tuv barnehage. Eks: opptak/opptakskriteria, føresettebetaling, ferieavvikling osb. Vedtekten blir delt ut til føresette då barnet byrjar i barnehagen. Desse gjeld for heile barnehagetida. Det blir gjeve skriftleg melding ved eventuelle endringar i vedtekten. De finn også vedtekten på kommunen si heimeside.

### 3.5 Andre avtaleverk og planar som gjeld for Tuv barnehage

- Forvaltningslova og offentlegheitslova
- Lov om personvern
- Lov om miljøretta helsevern
- Branninstruksar
- Kommuneplanen for Hemsedal kommune
- Rettleiar for spesialpedagogisk arbeid
- Plan for utesenging og mobbing
- Plan for overgang mellom liten og stor avdeling
- Kommunal plan for overgang barnehage-skule
- Plan for begrepsundervisning - BU
- Likestillingsplan for barnehagane i Hallingdal
- Mobbeplan for Hallingdal
- Plan for tilsyn

### 3.6 Tilsyn

Kommunen fører tilsyn med barnehagen etter «Lov om barnehagar» for å sjå til at drifta både er lovleg og fagleg god nok. Planen for tilsyn seier noko om kva type tilsyn kommunen som myndigkeit har ansvar for.

I Hallingdal fører ein tilsyn på tvers av kommunane, og Tuv barnehage skal minst ha tilsyn kvart fjerde år. Tilsynet vil ta utgangspunkt i paragrafar i barnehagelova.

Innhald: Lov om barnehagar §2 legg føringar for innhalDET i barnehagen. Dette skal byggja på eit heilskapeleg læringssyn der omsorg, leik og læring er sentrale delar.

## 4. Innhold

### 4.1 Informasjon om månadsplan og månadsbrev

Føresette får kvar månad eit «månadsbrev». Barnehagen legg vekt på å tilpasse kvardagen til barna sine ynskjer og behov, derfor vil de sjå at månadsplanen stort sett er ein grovplan. Det er mogelegheit for endringar i planen, fordi personalet tek omsyn til barnegruppa sine spontane ynskjer og behov (barns medverknad).

For å få veta meir om kva barnet dykker har opplevd gjennom barnehagedagen, pratar de med personalet ved henting.

### 4.2 Målsetting for tilvenning av nye barn

Barn og føresette skal oppleve trygge og omsorgsfulle vaksne, trygge fysiske rammer; tilrettelagt aldersadekvat inne- og uteplass.

- alle barna skal få ein god og roleg tilvenning
- ta barnet på alvor og møte barnet med tillit og respekt
- ta hensyn til det enkelte barns behov
- god dialog ved henting og levering
- alle nye får relevant informasjon

### 4.3 Mål for arbeidet med barna

Alle avdelingane har fokus på desse områda:

- Begrepslæring, bokstavar, tall, mengde
- Ta i mot beskjedar, mestre påkledning, halde oversikt på utstyr, trene på og mestre personleg hygiene
- Legge til rette for at barna øver seg på finmotorikk (eks. blyantgrep, klippe) og grovmotorikk (eks. ferdes i ulent terreng, balansere, hoppe)
- Gje inspirasjon og motivasjon til leik med kreative aktivitetar
- Sette av tid til høgtlesing
- Bruke dikt, rim og regler for å øve seg på å lytte til rytme og lyd i ord
- Skape god forventning og at barna kan glede seg til skulestart: me kan bidra til dette ved å sørge for at barna kjenner seg trygge på kva skulen er
- Jobbe med sosial kompetanse: øve på å vera i fokus, turtaking,, ha gode relasjoner til andre, dele, vidareutvikle empati og vennskap.
- Barnesamtalar med dei eldste i forkant av foreldresamtaler og overgang til skole
- Arbeide med trafikktryggleik

### 4.4 Mål for overgangar

Målet er å skape trygge relasjoner mellom barn-barn og barn-vaksen på den nye avdelinga barna skal starte på. Framgangsmåten er å starte samarbeide mellom avdelingane så tidleg som råd før barnet skal bytte avdeling, og at foreldre er godt informerte og medverkar i overgangar. Me brukar våren til besøk mellom avdelingar. Det kan og vere slik at ein bytter personal i ei overgangsfase, slik at barnet kan ha med seg ein trygg og kjent voksen i overgangen. Det er utarbeida en kommunal plan for overgang frå barnehage til skule som kan finnes på kommunens heimeside.

[Link til plan](#)

### Frå bhg til skule

Alle barn skal få ein god og trygg overgang. Dei føresette skal tryggjast i at deira barn får utvikle seg vidare i samsvar med barnet sine føresetnader:

- Sikre samanheng og heilskap i læringsinnhaldet til barn, både fagleg og sosialt.
- Sikre at barn opplever overgangen mellom barnehage og skule som spanande, utviklande, trygg og prega av mestring.
- Sikre informasjonsflyt mellom tilsette, og mellom tilsette og føresette ved overgangen.
- Sikre gode møteplassar mellom tilsette for å få til kompetanse og kultur som støttar intensjonane ovanfor.

### **4.5 Informasjon om miljøfyrtårn**



**MILJØFYRTÅRN**

Barnehagen er ei [miljøfyrtårnbedrift](#)  
og me har difor fokus på miljø og kildesortering.

### **4.6 Informasjon om sunn mat**

#### **FOKUS PÅ SUNN MAT:**

Barnehagen har fokus på sunn mat. Me serverer 2 varmmatmåltider i veka, der eit er fisk. Borna får også frukt/grønsaker kvar dag.

Barnehagen er med på 5 om dagen, der me mellom anna: serverar kutta frukt og grønt som en del av måltida kvar dag, informerer tilsette og foreldre om 5omdagen. De kan lese meir på: [www.frukt.no](http://www.frukt.no). Kosthald som tema på foreldremøter. I tillegg har me delteke på BRA-mat prosjektet, som mellom anna inkluderte kurs for tilsette, og har hjelpt oss å ha meir fokus på frukt, bær og grønsaker.



### **4.7 Informasjon om trafikksikker barnehage**

Me ferdast mykje utanfor barnehagegjerdet, og har naturen rett rundt hjørnet, men må likevel ofte krysse bilveg. Det er difor viktig for oss at borna lærer grunnleggjande ferdigheter for å ferdast i trafikken. Me nyttar alltid refleksvest når me går på tur. Borna lærer at me går på rekje, og at me alltid ser oss godt om før me går over vegen.

Link til plan for [Trafikksikker Kommune](#).

## Langtidsplan for Tuv Barnehage



Tema og målgruppe	Mål	Tiltak	Kjenneteikn	Ansvar
<b>Sikring av barn i bil:</b> Foreldre og personale.	Tryggleiken til barna, gode vanar og haldningar.	Informasjon om dette på foreldremøte, haust/vår. Vidaresending av informasjon frå <b>Trygg trafikk</b> på e-post.	Me ser at barn i bil er forsvarleg sikra: plassering, sete og belte. Me hører barna snakke om det.	Foreldra og personalet
<b>Sikker parkering, og porten inn til barnehagen:</b> Foreldre og personale.	Sikre at barn og vaksne ikkje vert påkøyrt på barnehagen sin parkeringsplass.	Alle biler parkerer ved å ryggje inn, med "snuten" ut mot plassen. Det er sett opp eit parkeringsskilt for påminning om dette. Alle vaksne lukker porten til barnehagen kvar gong dei går inn eller ut.	Porten er alltid lukka. Biler parkerer ved å ryggje på plass, med "snuten" ut mot plassen.	Foreldre Personale Besökjande
<b>Refleksbruk:</b> Barn, foreldre og personalet	Alle som ferdast til og frå barnehagen, og på turar med barnehagen, er godt synleg i trafikken.	Barna bruker refleksvestar på tur. Barn, foreldre og personalet bruker refleks til og frå barnehagen. Informasjon på foreldremøter på hausten.	Alle avdelingar bruker refleksvestar på tur. Me ser barna finn frem refleksvesten når dei vet dei skal på tur. Me hører barna veit noko om refleks.	Foreldre Personale
<b>Fotgjenger i trafikken:</b> Barn og personalet	Når me er på tur har me fokus på tryggleik, fylgjer turrutinar og trafikkreglar.	Alle avdelingar fylgjer dei turrutinar vi har. Alle har fokus på trafikkregler, og er gode førebilete. Eks: <i>me går på venstre side av vegen, me kryssar vegen der det er gangfelt, vi ser oss for til høyre og venstre.</i>	Alle vaksne er gode førebilete i trafikken. Alle vaksne kjenner til trafikkplanen i barnehagen. Vi kan sjå på månadsplanar og vekeplanar at avdelingane har med seg trafikk i det dei gjør, ut frå alder og modning. Me ser at barna er trygge på det å ferdast langs vegen, og kan nokon av trafikkreglene.	Personale

#### **4.8 Mål for omsorg**

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling»*  
(Barnehageloven § 1 Formål)

*«Barn skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplevningsverda til barnet. Barns liv blir påverka av omgivandene, men barn påverkar også sitt eige liv. Barnehagen skal gi rom for barnas ulike føresetnader, perspektiv og erfaringar og bidra til at barna, i felleskap med andre, utvikla reit positivt forhold til seg sjølv og tru på eigne evner. Barn skal møtast med empati og få høve til å vidareutvikle empati og evne til å tilgi.»* (Rammeplan kap. 1 Verdigrunnlaget til Barnehagen)

I alle kvardagssituasjonar og leik skal dei vaksne vise omsorg og respekt overfor barnets kjensler og opplevningsverd. I Tuv barnehage har me fokus på relasjonar mellom vaksne-barn, barn-barn og vaksne-vaksne.

*«Omsorg er ein forutsetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølv og andre...»*

(Rammeplan for barnehagen, 2017 - Formålet med og innhaldet i barnehagen)

Me ynskjer å gje barn og foreldre tryggleik, og gje kvart barn tru på seg sjølv, og lære å fungere i ei gruppe med andre barn og vaksne. Tryggleik skapar godt sjølvbilde. Det er viktig at me har tid til kvart barn!

Dei vaksne jobbar for at borna skal utvikle respekt, forståing og vise empati til store og små.

Tuv barnehage har nulltoleranse for mobbing. Dette ynskjer me også å ha fokus på i samarbeid med FAU. Dette er ei nasjonal satsing, men den viktigaste jobben er den me kan gjere lokalt.

Me er glade for å ha ei barnegruppe med mangfold, som er representert av ulike kulturar.

#### **4.9 Mål for medverknad**

I Tuv barnehage vil me ha fokus på borns medverknad. Dette kjem også fram i Barnehageloven og rammeplan:

*«De (barna) skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.»*  
(Barnehageloven § 1 Formål, 2. ledd.)

*«Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen..»*

(Rammeplan for barnehagen 2017 – barns medverknad)

Me ynskjer at borna skal kunne påverke kvardagen utifrå sine interesser og behov. Dei skal få ta del i dei daglege gjeremåla i barnehagen.

Personalalet vil:

- Lese borna sine behov og føresetnader, og ha fokus på at alle skal verte høyrd og respektert.
- At alle borna skal møte anerkjennelse, og verte oppmuntra til å uttrykke seg aktivt.
- Gje borna støtte til å undre seg og stille spørsmål, og skapa interesse
- Vere omsorgsfulle vaksne som ser og hører borna, og tek seg tid til å lytte og samtale med borna.
- Fortsetje med barnesamtaler
- At alle kjenner fellesskap og tilknyting til gruppa
- Fortsetje med dagens hjelper med fokus på kva dei kan utføre av oppgåver og gjeremål.
- Trekke borna meir med i evalueringsarbeidet til barnehagen for kontinuerleg å vite kva borna ynskjer, ved t.d. å observere.

#### 4.10 Mål for læring

«*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter.*» (Lov om barnehagar, § 1 Formål)

«*Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.*» (Lov om barnehagar, § 2)

«*Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine.*» (Rammeplan for barnehagen 2017 – formålet med og innhaldet i barnehagen)

Læring skjer hovudsakleg gjennom leik, difor er det viktig for oss å leggje til rette for god leik i barnehagen. Me ynskjer å skapa, undre og utforske saman med borna, der dei er aktivt deltagande, og den vaksne følgjer bornas initiativ. Deltakande vaksne i leik hjelper borna å vidareutvikle det dei allereie kan.

«*Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler*» (Rammeplan for barnehagen 2017 – verdigrunnlaget i barnehagen)

«*Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring.*» (Rammeplan for barnehagen 2017 - arbeidsmåtane til barnehagen)

Me vil ha fokus på glede og mestring, der dei vaksne rosar og støttar barnet.

«*Leiken dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidraga til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meiningsfull og morosam del av kvardagen til barna..*» (Rammeplan for barnehagen 2017 - fagområda til barnehagen)

Rammeplanen sine 7 fagområder inngår i barnehagens aktivitetar dagleg. I tillegg vil me fortsetje å jobbe særskild med kvart fagområde over ei 3 månads periode. Dette vil personalet ha fokus på gjennom samlingsstunder, aktiviteter/prosjekt og leik

#### **4.10 Mål for leik**

*Utdrag frå Rammeplan og barnehageloven:*

*«Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.» (Lov om barnehagar § 2)*

*«Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt.»*

(Rammeplan for barnehagen 2017 – verdigrunnlaget i barnehagen)

*«Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. ».*

(Rammeplan for barnehagen 2017 - formålet med og innhaldet i barnehagen)

Leik er det viktigaste i barnehagen vår.

Me ynskjer difor å gje leiken tid og rom, der barna skal få moglegheit til å lære å utvikle språk, motorikk, kreativitet, undring, humor, sanse, impuls og dele.

Leiken skal også hjelpe borna å omarbeide tankar og kjensler. Leiken har mange uttrykksformer: venskap, forståing, være inkluderande/føle seg inkludert, og hjelper borna å lære seg gode relasjoner til seg sjølve og andre. Me har fokus på regelleik. Dette er noko borna likar godt, og der dei lærer å følgje reglar, vente på tur osv.

Generelt ynskjer me at alle skal få delta i leiken, men i enkelte situasjonar synast me det er viktig å verne om einskilde leikar. Dette er situasjonsbasert, og må følgjas med på av oss vaksne. Det er difor viktig at me vaksne er på golvet saman med borna, følgjer med, observerer og deltek. Den vaksne si oppgåve inneber å støtte, inspirere og hjelpe.

Personalalet må sjå alle og leggje til rette for mestringeskjensle. Me veit at leiken fører til mestring, og gjennom mestring lærer ein.

I Tuv barnehage vil me at borna skal utforske inne og ute, og få nye opplevelingar som skapar undring og ny læring. Me har fokus på fysisk leik: motorikk, naturbase og gymsal.



#### 4.11 Mål for arbeid med danning

«Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdier og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremme barnas tilhørighet til samfunnet, natur og kultur.» (Rammeplan for barnehagen 2017 – formålet med og innhaldet i barnehagen)

På Tuv jobbar me med høflighet og respekt. Dette gjeld både overfor dei vaksne og borna. Borna skal saman delta i eit eige samfunn i barnehagen, og saman skal vi fokusere på å gje kvarandre ein god kvardag. Dette vil me mellom anna gjere gjennom arbeidet med «Være Saman».

**I Tuv barnehage er me authoritative vaksne som:**

Er interesserte, engasjerte,ærlege, kjærlege og omsorgsfulle vaksne, blide og positive vaksne, har tydelege grenser på ein god måte, rettleiier, har fokus på å prate med barnet, gode til å lytte, lærer borna mestring, hjelper borna å skapa eit positivt sjølvbilde, borna vert sett og høyrte, og bruker catch beeing good (gir kvarandre kompliment).

**Tuv barnehage er ein «Være saman» barnehage, der borna opplever:**

Å bli høyrt, forstått, møter tydelege vaksne med felles grenser, forutsigbare og tilgjengelege vaksne, vaksne med fokus på leik og barns medverknad, vaksne som bygger relasjonar, varme og trygge vaksne, vaksne som bryr seg om borna, gode rutiner, bruke «være saman» materialet i samlingsstund, borna lærer å vere gode mot kvarandre og vise omsorg, skapar gode relasjonar seg imellom, borna lærer å ha fokus på problemløysing og venskap, born som inkluderer meir og har færre konflikter.

#### 4.12 Mål for arbeid med likestilling

«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.» (Rammeplan for barnehagen 2017 – verdigrunnlaget i barnehagen).

I Hallingdal er det utvikla ein felles likestillingsplan.

## Langtidsplan for Tuv Barnehage

Likestilling mellom kjønn skal speglast i barnehagen sin pedagogikk. Barnehagen skal oppdra barn til å møte og skape eit likestilt samfunn. Barnehage-eigar arbeidar for økt andel av menn i barnehagen, og tilstrebar seg å behalde menn i yrket.

Barna sitt utbytte	Vaksne si rolle
<ul style="list-style-type: none"><li>• Gutar og jenter skal ha like moglegheiter til å bli sett og høyrt</li><li>• Barna skal bli oppmuntra til å delta i fellesskapet i alle aktivitetar i barnehagen</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Personalet skal reflektere over sine eigne haldningar og samfunnets forventningar til gutter og jenter</li><li>• Legge til rette slik at barna kan delta i alle aktivitetar uavhengig av kjønn og kultur</li></ul>

[Link til plan](#)

## 4.13 Mål for arbeid med språk

Språket er noko av det viktigaste som skjer i barnets utvikling. Språk gjev identitet og tilhøring, og gjennom språket forstår barnet verda rundt seg. Småbarnsalderen er den mest grunnleggjande perioden for utvikling av språk. Barn i barnehagealder er i konstant utvikling på dette området. Barnas samhandling med andre barn og vaksne i barnehagen er eit viktig ledd i denne utviklinga.

Barna sitt utbytte	Vaksne si rolle
<ul style="list-style-type: none"><li>• Skal utvikle eit aldersadekvat språk og evna til å kommunisere</li><li>• Skal vera språkleg aktive, og skal få erfaringar som byggjer opp deira forståing av omgrep og det språklege medvitet</li></ul>	<p>Vera tydelege og gode rollemodellar:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Prate <u>med</u> barna</li><li>• Setja ord på det me ser og gjer</li><li>• Vera bevisst på eige kroppsspråk</li><li>• Gjenta orda rett utan å korrigere</li><li>• Stille opne spørsmål til barna</li><li>• Oppmuntre til forteljingar</li><li>• Hjelpe til å setje ord på kjensler og intensjonar, oppmuntre til samhandling gjennom ord</li><li>• Tilgang på bøker, høgtlesing og dialoglesing er viktig</li><li>• Bruke konkretar</li><li>• Bruke «snakkepakka»</li><li>• Bruke TRAS (tidleg registrering av språk) ved behov, og sette inn tiltak</li><li>• Bruke song, rim og regler</li></ul>

## 4.14 Mål for likeverdig og inkluderande miljø, og førebygge mobbing i barnehagen

Me vel å bruke Olewus sin definisjon:

Mobbeferd er en intensionell og systematisk negativ handling som gjentas over tid, og som er preget av ubalanse i maktforholdet mellom barnet som utøver handlingen og barnet som blir utsatt for handlingen. (Idsøe og Roland, 2018, s.15).

Me vil jobbe for at born og vaksne har respekt for kvarandre. Det skal være nulltoleranse for mobbing i barnehagen. Hemsedal kommune har signert på manifest mot mobbing, og dette arbeidet startar allereie i barnehagen. Det er også utarbeida ein felles mobbeplan for alle barnehagane i Hallingdal. I Tuv barnehage jobbar me aktivt for å førebygge mobbing, og ha eit stort fokus på sosial kompetanse. Med utgangspunkt i innspel frå foreldregruppa, ynskjer me mellom anna at:

- Borna skal lære å bry seg om andre, trøyste, vise omsorg og empati.
- Alle barn vert sett som den dei er
- Barn og vaksne har fokus på kjensler. Alt som vert sagt kan setje spor i andre. Har me ikkje noko hyggeleg å seie, så seier me ingenting!

### Hovudmål:

- barnehagen jobbar førebyggande mot utestenging og mobbing

Delmål:

- alle barn skal oppleve tryggleik og inkludering
- alle barn har minst ein leikeven i barnehagen
- barnehagen legg vekt på tidleg innsats for å oppnå inkluderande fellesskap
- ingen barn blir utsatt for krenkande ord og handlingar frå andre barn eller vaksne

Vaksne si rolle:

- jobbe systematisk med måla; ta vare på mangfaldet, gripe inn i konfliktar, ha fokus på å utvikle barnas sosiale kompetanse, vera gode rollemodellar
- evaluere og dokumentere
- styrke samarbeidet mellom heim og barnehage for å oppnå gjensidig ansvar for eit godt barnehagemiljø/oppvekstmiljø

[Link til plan](#)

I rammeplan står det: «*I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap.*» (Rammeplan for barnehagen 2017 - formålet med og innhaldet i barnehagen.).

Dette har me fokus på i Tuv barnehage.

#### **4.15 Mål for Begrepsundervisning**

BU er eit førebyggjande og lærevanskereduserande tiltak, som er ei systematisk form for undervisning som blir brukt til utvikling av språklege og kognitive læreføresetnad hjå barn.

BU gir barna øving i

- Å styrke merksemda si
- Å forlenge og utvikle korttidsminnet/arbeidsminnet via aktiv språkbruk
- Språkleg tenking og problemløysing

BU skal skape eit godt «arkivsystem» hjå barna for språkleg tileigning.

Begrepsundervisningsmodellen er eit godt hjelpemiddel for språklæring hjå alle barn.

Me brukar BU-modellen i samsvar med fagområda som står i Rammeplan for Barnehagen, og jobbar med dette fordelt utover året. Nivået på arbeidet varierer ut frå kva for ei barnegruppe som skal nytta BU-modellen. For barn (3-5 år) vil det sjå slik ut:

<p>September:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• ORANGE FARGE</li><li>• RETTLINJA FORM</li><li>• 1-TALET</li><li>• PÅ PLASS UNDER</li></ul>
<p>Okttober:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• BRUN FARGE</li><li>• RUND FORM</li><li>• 2-TALET</li><li>• VANNRETT STILLING</li><li>• PÅ PLASS OVER</li></ul>

## Langtidsplan for Tuv Barnehage

<b>November:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• LILLA FARGE</li> <li>• TREKANTA FORM</li> <li>• 3-TALET</li> <li>• LODDRETT STILLING</li> <li>• PÅ PLASS PÅ</li> </ul>	<b>Januar:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• KVIT FARGE</li> <li>• BUA FORM</li> <li>• 5-TALET</li> <li>• SKRÅ STILLING</li> <li>• PÅ PLASS BAK/ETTER</li> </ul>	<b>Mai:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• RAU, KVIT OG BLÅ FARGE</li> <li>• BUA FORM</li> <li>• 9-TALET</li> <li>• KORT OG LANG LENGDEN</li> </ul>
<b>Desember:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• RAU FARGE</li> <li>• FIRKANTA FORM</li> <li>• 4-TALET</li> <li>• SKRÅ STILLING</li> <li>• PÅ PLASS FRAMFOR</li> </ul>	<b>Februar:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• BLÅ FARGE</li> <li>• RETTLINJA FORM</li> <li>• 6-TALET</li> <li>• SITJANDE STILLING</li> <li>• PÅ PLASS MELLOM</li> </ul>	<b>Juni:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ROSA FARGE</li> <li>• 10-TALET</li> <li>• ALLE FORMA</li> <li>• ALLE STILLINGA</li> <li>• ALLE PLASSERINGA</li> </ul>
	<b>Mars:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• GUL FARGE</li> <li>• RUND FORM</li> <li>• 7-TALET</li> <li>• STÅANDE STILLING</li> <li>• PÅ PLASS FØRST</li> </ul>	
	<b>April:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• GRØN FARGE</li> <li>• TREKANTA FORM</li> <li>• 8-TALET</li> <li>• STOR OG LITEN HØYDE</li> <li>• PÅ PLASS SIST</li> </ul>	

For dei yngste borna (1-3 år) vil det være meir fokus på føljande tre punkta fordelt over fleire månader:

<b>Å lære dei tre primærfargane</b>	<b>Tala frå 1-10</b>	<b>Firkanta-, trekanta-, rund- og bua-form</b>
-------------------------------------	----------------------	--

### 4.17 Fagområda i Rammeplanen

#### 1. Kommunikasjon, språk og tekst

«Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigkeit, bevisstheit og utvikling. I barnehagen skal barna få erfare ulike måtar å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur.»(Rammeplan for barnehagen 2017 –

fagområda i barnehagen).

### **3. Kunst, kultur og kreativitet**

«Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan legge grunnlag for tilhørsle, deltaking og eige skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon.»(Rammeplanen for barnehagen 2017 – fagområda i barnehagen)

### **5. Mengd, rom og form**

«Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagliglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande. Arbeid med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigkeit og motivasjon for problemløysing.»(Rammeplanen for barnehagen 2017 – fagområda i barnehagen)

### **7. Etikk, religion og filosofi**

«Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfattar verda og menneska på, og pregar verdiar og haldingar... Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølve å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar.»(Rammeplanen for barnehagen 2017 – fagområda i barnehagen)

### **2. Kropp, rørsle, mat og helse**

«Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Gjennom medverknad i mat- og måltidaktivitetar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.»(Rammeplanen for barnehagen 2017 – fagområda i barnehagen)

### **4. Natur, miljø og teknologi**

«Opplevingar og erfaringar med naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling... Barnehagen skal leggje til rette for at barna framleis skal være nysgjerrige på naturvitenskaplege fenomen, føle tilhørsle til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar.»(Rammeplanen for barnehagen 2017 – fagområda i barnehagen)

### **6. Nærmiljø og samfunn**

«Barns medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda... Gjennom leik og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få gryande kjennskap til menneskerettane.»(Rammeplanen for barnehagen 2017 – fagområda i barnehagen)

## Langtidsplan for Tuv Barnehage

Me har fokus på å jobbe med ulike fagområde frå rammeplanen. Kvart fagområde går over 1-3 månader. Me har valt å ha eit tema over fleire månader fordi me på denne måten får betre tid til å gjennomføre planane vi har.

Barnehagen utarbeider i fellesskap nokre hovudmål for fagområda i årsplan, som dannar grunnlag for dei ulike avdelingane si vidare fordjuping. Dette vil bli beskrive meir i månadsbrev før kvart fagområde tek til. Når me jobbar med eit enkelt fagområde, vil også andre fagområde verte fletta naturleg inn, men fokuset vårt er mest på eit om gonga. Dette gjer me for å kunne utforske mest mogeleg, og barns medverknad er i fokus heile tida.



#### 4.18 Mål for barn med spesielle behov

Barnehagen har eit ansvar for å oppdage barn med særskilte behov så tidleg som mogleg, og gje dei eit tilrettelagt tilbod. Tilrettelegginga kan gjelde både pedagogiske, sosiale og fysiske forhold.

##### Ansvarsgruppemøte

Det blir oppretta ansvarsgruppe for barn som har ein samansett nedsett funksjonsevne og der fleire instansar er involvert.

I ansvarsgruppemøte deltek foreldre, barnehage og fagpersonell som er involvert i saken og eventuelt andre viktige vaksne dersom føresette ynskjer det.

Det kan sendast søknad til koordinerande eining (KE) i Hemsedal kommune dersom barnet har behov for langvarige og koordinerte sosial- og helsetenester, og dei då har krav på ein koordinator og ein individuell plan(IP). Meir informasjon om KE finn ein på [www.hemsedal.kommune.no](http://www.hemsedal.kommune.no)

##### Utarbeidning av Individuell utviklingsplan (IUP)

Alle barn som er tildelt spesialpedagogiske ressursar (enkeltvedtak), får ein IUP (dette er eventuelt ein del av IP). Planen skal utarbeidast på fastlagt skjema, og kopi vert sendt til føresette og samarbeidspartnarar.

IUP blir evaluert og revidert kvart halvår.

*«Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og /eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod.»* (Rammeplan for barnehagen 2017 – barnehagen som pedagogisk verksemد).

#### 4.19 Målsettingar for arbeid med fleirkulturelle/minoritetsspråklege

Departementet definerar minoritetsspråklege barn som barn med anna språk- og kulturbakgrunn enn norsk, med unntak av barn som er frå Norden eller har engelsk morsmål. Vi er oppteken av å få kunnskap om dei ulike landa som er representert i barnehagen, og vi skal vise respekt og anerkjennelse for minoritetar.

Døme på tiltak barnehagen kan gjera i arbeid med dei minoritetsspråklege:

- Hyppigare foreldresamtalar, med tolk ved behov
- Bruke tolk ved behov på foreldremøte
- Språkgrupper
- Synleggjera ulike nasjonalitetar i barnehagen, til dømes med bilet, tekst, leikar og flagg

## 5 Samarbeid

### 5.1 Foreldresamarbeid

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» (Lov om barnehagar § 1 Formål).

Det skal vera ein gjensidig respekt for dei oppgåver og det ansvaret barnehagen har i forhold til barnet. Barnehagen skal møte føresette med innsikt, respekt, ha evne til å lytte og forstå og ta ulike perspektiv. Føresette skal sikrast medverknad gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

#### Dagleg kontakt

Alle barn og føresette blir om morgenen og ettermiddagen møtt av personalet. Det er viktig at det blir gjeve tilbakemeldingar begge vegar.

#### Utviklingsamtaler

Alle nye føresette får ein oppstartsamtale. Føresette og personalet skal bli kjent med kvarandre, og føresette fortel kva som er viktig/rutinar for deira barn.

Alle føresette får tilbod om utviklingsamtaler 2 gonger i året. Det er viktig at vi har eit godt samarbeid og at vi får attendemelding på korleis de opplever barnehagen. De føresette kjenner dykkar barn best, barnehagen er best på barn i gruppe. Vi ynskjer at barna skal ha ein trygg kvardag og lærerike dagar; fylt av leik, glede og humor😊

#### Foreldremøte

Me har oppstartsmøte for nye føresette i Tuv barnehage i mai/juni. Føresette blir invitert til minst eitt foreldremøte kvart barnehageår, det ligg fast i september.

Møtet blir delt i to deler; først felles for alle der det blir gjeve generell informasjon om barnehagen, informasjon frå helsesyster og anna relevant felles info. Etterpå går føresette til «si» avdeling der det blir meir informasjon om avdelinga si dagsrytme, gjennomføring av tema, rutinar osb.

Me prøver å ha minimum eitt temamøte i løpet av vinterhalvåret, anten tema etter ynskje frå føresette, eller i samanheng med «Være sammen».

## 5.2 Barnehagen sine forventningar til heimen

For at barnet skal få det best mogeleg i barnehagen er eit godt samarbeid mellom barnehage og føresette naudsyn.

Me forventar at føresette gjer seg kjend med:

- Planar, rutinar, informasjon
- Vedtekten for barnehagane i Hemsedal
- At de viser respekt for barnehagen sitt arbeid ved å stille opp til samtale og møter og tilstellingar som barnehagen arrangerar
- Gir positive og negative tilbakemeldingar til personalet
- Gir personalet beskjed når det er andre som hentar barnet
- At de er positive til andre barn og deira føresette
- Held orden i hylla og garderobeplassen til barnet

Ha alltid eit telefonnr. liggande i barnehagen slik at personalet kan få tak i føresette ved behov.

Ta kontakt med personalet om ting du lurar på, me er her i samarbeid med de som føresette.

Del det positive barnehagen gjer med andre, og kom til personalet med det de ynskjer å endre på.

## 5.3 Samarbeid med skulen; overgang barnehage - skule

Det er viktig at barn og føresette får oppleve ein god og trygg overgang frå barnehagen til skulen, dette fremjar vidare læring. Barnehagen og skulen skal jobbe mot felles mål for at barnet skal få ein god overgang. Barnehagen og skulen samarbeider om førebuande lese- og skriveopplæring.

Hemsedal kommune har laga ein plan for samarbeid mellom barnehage og skule. Her er det satt opp kva samarbeidet skal innehalde og kven som har ansvar.

Når det skal gjevast informasjon om enkeltbarn, blir det innhenta godkjenning frå føresette.

Stikkord frå planen:

- SFO og 6-åringane (årets 1.klassingar) er saman på SFO før skulestart, etter sumarferien
- Førskuletrenings 1g/veka
- Fadderaktivitet der 3.trinn er saman med Gaupe-barna
- Innskriving i skulen; barnet og føresette besøkjer rektor
- Barna er invitert til generalprøver på skulen; Juleavslutning og sommarfest
- Gaupe-barna besøkje 1.klasse ein skuledag på våren
- Rydde nærrområdet til 17.mai
- Overføringssamtale for foreldre om våren for Gaupe-barna
- Overgangssamtale mellom personalet i skule og barnehage

[Link til plan](#)

## 5.4 Samarbeid innad og mellom barnehage

Vi nyttar besøksdaga og felles aktivitetar slik at overgang mellom avdelinga eller barnehagar i Hemsedal vil være tryggast mulig. I tillegg til desse har me overføringssamtala mellom avdelinga for å gi relevant informasjon til ny avdeling. Me ynskje at vennskap skal etableras på tvers av avdelinga, slik at barna skal være trygge. Informasjon ved overflytting til ny barnehage vil bli gitt etter samtykke frå føresette.

## 5.5 Tverrfagleg samarbeid

Barnehagen har samarbeid med helsestasjonen, PPT, barnevern, skule og psykisk helsevern. Målet for samarbeidet er barnet sitt beste, vi kan koma saman til felles undring og refleksjon og at tiltak blir sett inn på eit tidleg tidspunkt. Tidleg innsats for barn vil fremje utviklinga vidare i livet. Samarbeidet skal vera av generell art, og dersom føresette samtykker kan det også gjelde enkeltbarn.

Barnehagen har 4 gonger i året «tverrfagleg møte» der barnehagen, skule, PPT, helsestasjonen, barnevern og psykisk helse er representert.

## 5.6 Sorg- og kriseteam

Hemsedal kommune har eit eige sorg- og kriseteam.

Teamet har ei nettverksgruppe som er satt saman av representantar frå kommunale og private arbeidsplassar i Hemsedal. Barnehagen har ein sorg- og kriserperm som er utarbeida av Hemsedal kommune.

## 5.7 Personalsamarbeid

Personalalet i Tuv Barnehage legger vekt på trivelig miljø, humor, gode rutinar, samarbeid, kommunikasjon og aktiviteter i fellesskap for å bygge eit godt arbeidsmiljø.

Ulike måtar å samarbeide på:

- Vi har morgonmøte kvar dag.
- Kvar veke er det pedagogisk leiarmøte der også styrar og spesialpedagogisk ansvarleg er med. Her er det fokus på: utveksling av informasjon, planlegging, rettleiing ut frå eige praksis, kompetanseheving og diskusjon om ulike tema.
- Kvar veke er det også avdelingsmøter for heile personalet på dei ulike avdelingane der informasjon og tilrettelegging på kvar avdeling vert gjennomført.
- Heile personalgruppa har personalmøte ein kveld i månaden.
- Styrar har rettleiing av nye tilsette.
- Barnehagen har samarbeid med høgskular, vidaregåande skuler og opplæringskontoret i Buskerud i høve å ta i mot elevar/studentar/lærlingar.
- Kompetansehevinga hjå personalet skal vera i tråd med Rammeplan for barnehagar, dei sentrale satsingane som finst på barnehagefeltet og kommunal læringsplan.

## 6 Planlegging, dokumentasjon og vurdering

«Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere in lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunngitt i barnehagelova og rammeplanen.» (Rammeplan for barnehagen 2017 – barnehagen som pedagogisk verksemd).

Tuv barnehage nyttar ein felles didaktisk planleggingsmodell for det pedagogiske arbeidet. Det vil si at mål, innhald og arbeidsmetodar blir fastsett. Ein vurderer og dokumenterer underveis og evaluerer arbeidet.

Barnehagepersonalet evaluerer arbeidet kvar månad. Den årlege evalueringa byggjer på dokumentasjon i form av evaluerte didaktiske planar, observasjonar, rapportar, Barnesamtalar, refleksjon over haldningar, kunnskapar og erfaringar, bildar av leik/kvardagsliv, samtaler med foreldra og personalet sine tilbakemeldingar. Evalueringa dannar grunnlaget for vidare arbeid.

Det er viktig at føresette kjem med tilbakemelding, både positivt og negativt. Føresette er representert i foreldreråd og samarbeidsutval der dei har reell innflytelse på vurderingsprosessen. Vurderingar kjem også fram ved dagleg kontakt/tilbakemeldingar.

Årsplanen dokumenterer innhaldet i den pedagogiske verksemda i barnehagen for å sikre kvalitet og utvikling. Kvar avdeling utarbeidar ein månadsplan som er meir detaljert. I månadsplanen blir det gitt diverse informasjon for den nærmeste månaden og evaluering av den førre månaden.

Når barnet sluttar, får det med ein egen perm med minna frå barnehagetida.

På slutten av kvart barnehageår skriv avdelingane ei årsevaluering av førra barnehageår, som ligg til grunn for neste års planlegging.

«Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.» (Rammeplan for barnehagen 2017 – barnehagen som pedagogisk verksemd).

### Ulike fristar:

Innskrivinga i skulen skal skje innan 1. desember.

#### Søknad om barnehageplass:

Fristen for å søkje barnehageplass i samband med hovudopptaket er 1. mars.

#### Søknad om SFO-plass:

Fristen for å søkje SFO-plass neste skuleår er 1. mars.

## 7 Linkar og Nettside

*Barnehageloven:*

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

*Rammeplan for barnehagen:*

<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>

*Foreldreutvalet for barnehaga:*

<http://www.fubhg.no/>

*Kommunal plan for overgang barnehage – skule Hemsedal:*

<http://www.hemsedal.kommune.no/siteassets/hemsedal/skole-og-barnehage/skole/kommunal-plan-for-overgang-barnehage-og-skule--i-hemsedal-kommune---2015-2018.pdf>

*Likestillingsplan for barnehagene i Hallingdal:*

<http://www.hemsedal.kommune.no/siteassets/hemsedal/skole-og-barnehage/barnehage/15-01162-1-likestillingsplan-for-barnehagene-i-hallingdal.pdf>

*«Saman i barnehagen» Plan mot utesettenging og mobbing:*

[http://www.hemsedal.kommune.no/siteassets/hemsedal/skole-og-barnehage/barnehage/15-01163-1-plan-mot-utesettenging-og-mobbing-16.juli.docx-309877\\_1\\_1.pdf](http://www.hemsedal.kommune.no/siteassets/hemsedal/skole-og-barnehage/barnehage/15-01163-1-plan-mot-utesettenging-og-mobbing-16.juli.docx-309877_1_1.pdf)

*Hemsedal Kommune:*

<http://www.hemsedal.kommune.no/>

*Hemsedal Kommune, Miljøfyrtårn:*

<http://www.hemsedal.kommune.no/om-hemsedal-kommune/miljofyrtarn/>

*Hemsedal Kommune, Trafikksikker kommune:*

<http://www.hemsedal.kommune.no/siteassets/hemsedal/skole-og-barnehage/trafikksikker-kommune---plan-for-skular-og-barnehagar-2016-2019.pdf>

*Frukt.no:*

[www.frukt.no](http://www.frukt.no)